
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 17. august 2016 11:44
Til: 'Karl Atle Taule'
Kopi: 'Siril Therese Sylta'; 'unn.kvam@vegvesen.no'
Emne: SV: synfaring Seim

Hei

Kommunen kan stille på synfaring dersom vi har kapasitet, ber om at avtaletidspunkt vert sendt oss når det er avklara.

I utgangspunktet er dette eit tilhøve mellom utbyggjar og Statens vegvesen, kommunen si rolle vil soleis berre vere som tilhøyrar.

På grunn av ferieavvikling for sakshandsamar ber vi om at det vert sendt underretning om synfaring til sakshandsamar og Siril Sylta

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

Fra: Karl Atle Taule [<mailto:atle@ing-taule.no>]
Sendt: 12. august 2016 09:02
Til: Kvam Unn Jenny Utne
Kopi: Siril Therese Sylta; Eilin Houlison Molvik
Emne: SV: synfaring Seim

Godmorgon og takk for rask tilbakemelding.

Det er fint at de kan stille på synfaring og det er vel best om kommunen også er med på denne slik at vi kan få ei endeleg avklaring. Foreslår at synfaringa vert tatt i veke 34 eller 35 og fint om de kjem tilbake med ein dato og klokkeslett, slik at vi kan få samordne oppmøte. Vi vil prøve å merkje opp foreslått plassering av fortau/refuge med spraymaling før synfaringa for å kunne visualisere løysinga og eventuelt gjere endringar i plassering dersom det skulle være nødvendig.

Med venleg helsing

Karl Atle Taule



Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 85 55- Fax: 55 35 86 56
Mobil: 908 66 010 mail: atle@ing-taule.no

Fra: Kvam Unn Jenny Utne [<mailto:unn.kvam@vegvesen.no>]
Sendt: 11. august 2016 15:52
Til: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Kopi: siril.sylta@lindas.kommune.no; Eilin Houlison Molvik <EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>
Emne: synfaring Seim

Hei,

Begge seksjonane hos oss kan stille på synfaringa. Vi kan avtale tidspunkt når dei som skal vere med er tilbake frå ferie. Kan hende hadde det vore greitt om kommunen også var med, dersom det kjem opp spørsmål som vegvesenet ikkje kan svare på.

Med helsing
Unn Jenny Utne Kvam

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Telefon: +47 55516243 **Mobil:** +47 97594846 **e-post/Lync:** unn.kvam@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Karl Atle Taule [<mailto:atle@ing-taule.no>]
Sendt: 11. august 2016 12:39
Til: Kvam Unn Jenny Utne <unn.kvam@vegvesen.no>; Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>; Lillebø Sindre <sindre.lillebo@vegvesen.no>
Kopi: siril.sylta@lindas.kommune.no; Lindås kommune <Postmottak@lindas.kommune.no>; Eilin Houlison Molvik <EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>
Emne: SV: Dokument 16/29467-9 Tilleggsopplysningar - Byggeplan for avkøyrsløse - gnr. 172 bnr. 197 - Lindås kommune sendt fra Statens vegvesen

Viser til mottatt svar på e-post i dag.

Etter å ha arbeidd med denne saka i over eit år er vi litt forundra over svaret vi no får. Vi har vanskar for å akseptere svaret og ber om eit møte med gjennomgang i saka for å få avklart pålegget om utbetring/oppstramming av avkøyringa. Det har aldri vert på tale med så omfattande arbeid for å rette opp ein feil frå etablering av fortauet i samsvar med reguleringsplanen for å byggje ny skule på Seim. Utkøyringa og fortauet vart den gangen ikkje bygd i samsvar med reguleringsplanen. Det vart heller ikkje sendt inn måledata for fortauet som vart bygd og knytta til avkøyringa vi her snakkar om. Det er uhøyrdd at vi får pålegg om å endre på linjeføring/høgde på vegbana og eventuelt grøfter/kummer for overvatn etter å ha sendt inn forslag utarbeidd av dykk, sjølv om de kalla det ei skisse. Det vi har snakka om er ei

oppstramming av avkøyringa for å tryggje fotgjengarar. Vi tar med at det allerede er 8 bustander som nyttar denne utkøyringa pr. dato samt eit foretak og kommunen nyttar plassen frå krysset og langs vegen vestover som lagringsplass for sandfraksjonar og container.

Sjå på vedlagte bilder. Det bør være overkommeleg å etablere ei god løysing der, i tråd med skissa me mottok.

Vi ber difor som nemnd over om eit møte og gjerne ei synfaring for å få dette i orden. Vi kan gjerne ta den samtidig med vegseksjonen si synfaring som går på overvatn.

Med venleg helsing

Karl Atle Taule



Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø

Tlf: 56 35 85 55- Fax: 55 35 86 56

Mobil: 908 66 010 mail: atle@ing-taule.no